



Frå 2020 slår dei to kommunane Eid og Selje seg saman. Området Bryggja har vald å slå fylgje med stor margin. Slik bindast kommunen saman > **Stad kommune**. Bryggja markerer seg sterkt med nettstaden *bryggja.no*. Mykje stoff. Kultur og tradisjonar. Eg har møtt to av bidragsytarane, Rigmor Navekvien og Harald Maurstad. Det byrja med at eg fann Rigmors fine vise om Maustad steinbru. Omsider fann eg også brua i lendet. Grunneigaren har lagt til rette for ei *stillestund* der. Tenke seg, ved ei gammal steinbru i 2018 ...

På tilgrodd plakett:

Bygd ca.1867 - 1870 etter at vegen frå Bryggja over Maurstadeidet til Åheim sto ferdig i 1866.

Brua var truleg kosta av bygdafolket. Brua og vegen vart nytta både til skuleveg og allfarveg.

Natt til 11. oktober 1984 fall brua saman. Vernelaget Maurstad gamle bru har arbeidd for å få brua gjenreist.

Ved hjelp av gåver, kulturmidlar frå kommune og fylke sto brua ferdig hausten 2000.

Norsk Bygg og Innredning AS sto for forskaling og kvelving. Resten av arbeidet vart utført på dugnad.

Maurstad 19. mai 2001

I hine dagar valde dei stein.
Denne sida er mitt land,
andre sida er ditt.
Stein avgjer
stein er tidlaus
stein står.

I hine dagar valde dei stein
når elva skulle kryssast
når band skulle bindast
når ting skulle fram.
Stein avgjer
stein er tidlaus
stein står.

Då brua fall
bygde dei opp att
for nye sekel.

Ein gammal tanke
stryk langs stranda
over på hi side.